

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

Dato	11.08.2023
Vår referanse	2023/70057-2
Dykkar referanse	23/714 – 23/6854
Sakshandsamar	Robert Stormark
E-post	Robert.Stormark@vlfk.no
Telefon	40478898

## Varsel om kulturminnefagleg synfaring - arealoverføring - gnr. 6. bnr. 10 - Masfjorden kommune

Viser til brev datert 07.08.2023 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men delar av området har topografiske trekk som gjer at det kan vere potensial for nye funn. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

**Robert Stormark**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*